



Fylkesmannen i telemark  
v/ Miljøvernnavdelinga  
Statens Hus  
3708 SKIEN

| Løpenr  | Saksnr    | Arkivkode | Avd/Seksj/sakb | Dykkar ref | Dato       |
|---------|-----------|-----------|----------------|------------|------------|
| 2089/05 | 04/01160- | 142<br>13 | TEK-TEK-AVE    |            | 21.04.2005 |

## **Revidert møtereferat 21.04.05**

### **Fylkesmannens miljøvernnavdeling**

Tokke kommune har invitert Fylkesmannens miljøvernnavdeling til drøfting av arealplan og villreinproblematikken. Bakgrunnen for møte er mellom anna Tokke sine planar om vidare utbygging i område Hallbjønnsekken samt klagesak angåande veg til hytter i området.

Deltakarar på møte:

Fylkesmannen: Morten Johannesen avd. direktør og Johan Aas, rådgjevar  
Tokke kommune: Olav Bjørn Bakken, rådmann og Åge Verpe, teknisk sjef

#### **Saksliste / referat:**

1. Tokke kommune ynskja velkommen til deltakarane frå fylkesmannen.
2. Åge Verpe gjorde greie for kommunen sitt arbeid i forbindelse med arealplanen. Grunnlaget for endringane er mellom anna at tidlegare plan ikkje hadde politisk forankring i kommunestyre og planutval. Endringane kan samanstillast såleis:
  - a. Utbyggingsområde i eksisterande arealplan er vidareført.
  - b. Spreidd hyttebygging er om lag som ved høyringa i 2001, men det er auka noko antal på hytter innom områda.
  - c. Det er lagt inn nye utbyggingsområde på følgjande stader:
    - i. Byrtedalen er det no høve til spreidd hyttebygging innan faresone for skred.
    - ii. Djupetjønn er lagt ut med 7 hytter.
    - iii. Hylebu er lagt inn som utbyggingsområde.
    - iv. Skredvatn har eit avgrensa område for utbygging.
    - v. Buin er lagt ut som gult område, dette grensar mot eksisterande utbyggingsområde i Tokke og Vinje kommunar.
    - vi. Vest for Hallbjønnsekken er det lagt ut eit mindre utbyggingsområde samt eit område for spredt hyttebygging.
  - d. For nye utbyggingsområde har kommunen gjort ROS-analyser med hjelp av NGI, NINA og FAUN.
3. Åge Verpe og Olav Bjørn Bakken gjorde greie for kommunens syn i området Hallbjønnsekken. Kommunen har fylgt anbefalingar frå NINA om å spare vestlege område av Hallbjønnsekken men gjeng inn for begrensa utbygging. Dette er omtala i rapport frå NINA som mindre konsekvens. Det mest optimale for villreinen er regenerering av området dvs:
  - a. Fjerne om lag 120 hytter
  - b. Stenge riksveg 45 vinterstid
  - c. Fjerne kraftledningar (300 kV) og anna hindring i området

Dette er etter Tokke kommune si meinung totalt urealistisk og meiningslaust. Kommunen har lagt opp til ein strategi for skiftfart utanom viktige funksjonsområder for villreinen.. I tillegg stilte

Tokke kommune spørsmål om fylkesmannen si rolle i plansaker der kommunen fylgjer anbefalingar i ROS-analyser utført av nasjonale kompetansesenter og framleis møter negative haldningar hjå fylkesmannen.

4. Verpe orienterte kort om det interkommunale samarbeidet om felles planlegging i Setesdal – Austhei villreinområde . Tokke kommune tok initiativet til dette prosjektet som vart støtta med tilskot på kr 100 000 frå DN og midlar får både FM i Aust-Agder og Telemark.
5. Morten Johannessen gjorde greie for miljøvernavdelinga sitt syn på byggeområde og villreinproblematikken. Fylkesmannen i Aust – Agder, Vest – Agder og Telemark har mellom anna planar om å fremje forslag om at Setesdal austhei må inn som del av det ”nasjonale villreinområdet” fra Nordfjella til Setesdal – Ryfylke. (Jf ViSa-rapporten, NINA Temahefte 27 - 2004) Grunnen til dette er mellom anna rapport frå NINA (Bykle) som peikar på felles beitebruk og genetikk mellom villreinen i Setesdal-Austhei nord og Ryfylkeheiane. I tillegg til dette viser dei til arbeid med ny lov om naturmangfold som set strengare krav til vern av biologisk mangfold. (Jf NOU 2004: 28 Naturmangfoldloven) Fylkesmannen sitt syn på utbyggingsplanane kan oppsummerast slik:
  - a. I utgangspunktet bør det ikkje byggast ut vidare mellom Tjønnesvikvatnet og Førsvatn, då dette er negativt for villreinen. Bakgrunnen for dette er at ein er redd for at det gamle villreintrekket over Kuskaret skal gå heilt ut av funksjon. Alle villreintrekka mellom nord og sørområdet i Setesdal – Austhei er truga av utbygging og ferdsele både i Tokke og Valle kommunar. Fylkesmannen vil vurdera saka nøyne, og ta konkret stilling når saka blir sendt på høyring. Det kan bli aktuelt med motsegn om ein finn at villreininteressene blir ytterlegare truga.
  - b. Kommunen sine planar om å legge om eksisterande løyper vekk frå sårbarer villreinareal er eit positivt tiltak. Dette må ein sjå i samanheng med utbygginga av nye hytter.
  - c. Sjølv om villreintrekket som frå gamalt av var over Vistadheia står i fare for å bli heilt blokkert, ser Fylkesmannen det som mest teneleg at utbygginga blir lagt austover og vekk frå det området som kan påverke trekket i Kuskar. Kan ein legge inn ”grøne korridorar” som trekkområde her og, så er det sjølv sagt beste.
  - d. Dei øvrige utbyggingsplanane har ikkje fylkesmannen noko vesentlege merknader til utanom visse hekkeområde for hubro og kongeørn i Byrtedalen, og hønsehauk på neset ved Skrevatn. Desse artene er sårbarer for uroing i hekketida, og plasseringa av hyttene må taka omsyn til dette. For hønsehauken sin del vises det til miljøstandarden i skogbruket der ein ikkje skal hogge nærmare enn 50 m frå reirplassen.
6. Morten Johannessen gjorde greie for fylkesmannen rolle i høve til villreinen. Villrein er ein art vi har internasjonalt ansvar for, og som det er lagt særskilt vekt på gjennom ViSa-prosjekt og i St. meld nr. 21 2004 – 05 om Rikets miljøtilstand. Der vi har fagrapportar om villrein i samband med utbyggingsplanar, t.d. frå NINA, som gjev klare råd, vil Fylkesmannen fylgia desse. Der det er meir uklare råd, må Fylkesmannen nytte skjønn. Rapporten frå NINA om utbygginga i ved Hallbjørnsekken (NINA – minirapport 106 ) seier t.d. at ein under visse føresetnader kan tillate ei mindre utbygging som gjev moderat konfliktgrad for villreinen. Spørsmålet blir dermed ei tolking av kva er moderat er og om det er ein konfliktgrad vi kan tillate i dag.

Som svar på spørsmål om utgreiinga frå Tokke kommune si side var unødvendig, seier Johannessen at fylkesmannen ikkje har endra syn på sårbarheten for villreinen i område. Han syner og til liknande sak som fylkesmannen hadde til Vinje kommune i område Nystauldalen på Bykleheia.

Verpe peikar på at det er vesentleg skilnad på trekkområde på Bykle og Kuskartrekket, og at denne samanlikninga ikkje kan leggast til grunn. Fylkesmannen er samd i at omfanget på trekket slik det er i dag er ulikt for desse to områda, men at prinsippet om at ein skal ta vare på trekkområde kan samanliknast.

7. Når det gjeld vegsaki gjeng den no til moderniseringsdepartementet for oppnemning av settesfylkesmann for vidare handsaming av oppreisningsspørsmålet og eventuelt det materielle. Fylkesmannen ser det ikkje rett å drøfte denne saka no.
8. Oppsummering / konklusjon:  
Fylkesmannen meiner at i utgangspunktet bør ein ikkje bygge fleire hytter i område mellom Tjønnesvikvatnet og Førsvatn. Det er den samla summen av tiltak i området som vil vera avgjerande når Fylkesmannen skal vurdere om ein kan akseptere kommuneplanens arealdel for området. Utarbeiding av ein kommunedelplan for området vil vera eit positivt tiltak. Omlegging av løypenett og tilrettelegging av preparerte løyper vekk frå villreinen sine viktigaste leveområde er eit godt tiltak. Tokke kommune bør satse lenger aust for å vidareutvikle området Hallbjønnsekken.

Tokke kommune er usamdi i fylkesmannens syn og meiner underlaget er meir enn bra nok for å vidareutvikle dei planane som ein legg opp til i arealdelen. Fylkesmannen meiner omlegging av løyper og preparering av desse er eit positivt tiltak, dette tiltaket har fylkesmannen sjølv sett ein stoggar for i vegsaki. Ein stiller og spørsmål med fylkesmannen sin omgang med utgreiingar frå t.d NINA. Det var Jordhøy hjå NINA som utgreidde Bykle saki og sette fokus på samanhangen mellom reinen vest og aust i Setesdal nordområde og som no er grunnlag for å fremje sak om utviding av nasjonale villreinområde, den same forfattaran har karakterisert Tokke kommune sine planar som mindre konsekvens for villreinen. Fylkesmannen viser til visse delar av ViSa prosjektet (summen av inngrep osv) og unnlet å kommentere andre som til dømes kanalisering av skifart, friluftsinteresser, samarbeid med lokale grunneigarar osv. Tokke kommune vil peike på at NINA er ein vesentleg bidragsytar i ViSa og villreinproblematikken generelt og at ViSa er meir enn eit fredningsdokument. I tillegg meiner Tokke at fylkesmannen viser til lovarbeid (naturmangfaldlova) som truleg ikkje vert vedteke dei nærmeste 5-10 åri og dermed ikkje kan vektleggast som gjeldande praksis.

Fylkesmannen har peika på truga arter som vert rørt av utbyggingsplanane i Byrtedalen og ved Skrevatn og som det må takast omsyn til i den vidare planlegginga.

Med helsing

Åge Verpe  
Teknisk sjef

Kopi:

|   |  |
|---|--|
| Telemark Fylkeskommune<br>v/Hennum<br>Olav Bjørn Bakken<br>Olav S. Urbø | Fylkeshuset, 3706 SKIEN<br><br>Sentraladministrasjonen,<br>Ordførar, |
|---|--|